

Til  
Raudt Hordaland

## Revisjonsmelding for 2016

Som vald revisor for Raudt Hordaland har eg gått gjennom rekneskapen for perioden 01.01 til 31.12 2016. Revisjonsarbeidet er gjort ut frå den ferdige rekneskapen med notar, utskrifter frå det elektroniske rekneskapsprogrammet og papirbilag.

Rekneskapen viser eit positivt resultat for 2016 på kr 145 919 (mot budsjettert kr 67 000), og ein eigenkapital pr. 31.12.16 på kr 268 785. Styret har handsama og skrive under på rekneskapen.

Bilaga er kontrollerte, og rekneskapsoppstillinga er sjekka mot kontoane i rekneskapsprogrammet og oppgåver frå bank.

Rekneskapen er ryddig ført, i tråd med god rekneskapsskikk og i hovudsak i samsvar med innarbeidd praksis i Raudt.

Revisor har følgjande merknader til rekneskapen:

- Som i 2015 manglar det dokumentasjon for ein depositumskonto med tilhøyrande renteinntekt. Styret bør snarast råd syte for å få oversendt denne dokumentasjonen frå huseigar. Renteinntekten kan førast i 2017-rekneskapen, men vil truleg vere liten.
- Revisor er nøgd med at kontantkasse er fasa ut, og at alle transaksjonar skjer via bank eller kortteneste.
- Tilgodeposten for Raudt Odda er omstridt. Styret bør snarast råd kome fram til ei løysing med Raudt Odda, og gjere eventuelle justeringar synlege i rekneskapen for 2017.
- Ein del utgifter til mat og blomar er feilaktig ført under konto 3002 Lønn og frikjøp. Korrekt sum skulle her ha vore kr 34 005, medan dei andre utgiftene på kr 2 021 skulle vore ført under kontor 3702, ev. på eigen konto for møteutgifter til fylkestingsgruppa.

Rekneskapen for 2016 viser at økonomiarbeidet i Raudt Hordaland er forsvarleg, og at ein har eit godt grunnlag for drifta og valkampen i 2017.

**Revisor tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2017.**

Bergen, 8. februar 2017



Frode Mannsåker  
revisor



Raudt Hordaland, Postboks 992, 5808 Bergen Besøksadresse: Hans Tanks gate 17, Bergen

Hordaland Fylkeskommune


Postboks 7900, 5020 Bergen


### Rapport om bruk av stønadsmidler Fylkestingsgruppa

Vedlegger regnskap 2016 for Raudt Hordaland.

Vi gjer merksam på at hovedparten av frikjøp har vore for vara repr utv OPHE Arild Borgen. Raudt er eit aktivistisk parti med mykje aktivitet knytta til studier og møte med grupper Vi ser det difor naudsynt å bruke penger til kontor/lager.

**Resultat fylkesmidler 2016: kr 256302 – kr 290892 = overskudd kr 111322**

  
Terje Kolbotn (s) Gruppeleiar Raudt

  
Frank Mo (s) kasserar Raudt Hordaland

| Inntekter                        | Raudt Hdl | Vedr HF |
|----------------------------------|-----------|---------|
| Fra Hdl fylkeskommune            |           | 256302  |
| HF Gruppestønad                  | 77710     |         |
| HF 1 repr                        | 43640     |         |
| HF oppgr. Grunnstønad            | 33000     |         |
| HF oppgr. 1 repr                 | 19115     |         |
| HF Frikjøpsmidler                | 42460     |         |
| HF Stemmetøtte                   | 40377     |         |
| Beinpenger andel RH              | 28458     |         |
| Støtte fra lagene                | 0         |         |
| Medlemkontingent (medl utan lag) | 4976      |         |
| div inntekter                    | 107       |         |
| renter                           | 1056      |         |
| sum                              | 290899    |         |
| Utgifter                         |           |         |
| Lønn/frikjøp FT gr               | 36026     |         |
| Frikjøp Terje                    | 2625      |         |
| Husleie*                         | 54628     |         |
| porto                            | 3250      |         |
| tlf internett*                   | 5169      |         |
| strøm*                           | 6950      |         |
| Papir rekvisita*                 | 200       |         |
| Kontorutstyr*                    | 864       |         |
| Forsikring kontor*               | 552       |         |
| div kontor*                      | 8224      |         |
| kopimaskin*                      | 6210      |         |
| reiser/div utg                   | 5687      |         |
| Møter konferanser                | 14598     |         |
| Valgkamp                         |           |         |
| sum                              | 144980    |         |
| oversk/undersk tot               | 145919    | 111322  |